# Meland kommune

Tysseland Arkitektur As
Valkendorfsgaten 9
5012 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Lillian Straumøy Brakstad | 13.01.2017 |
| Vår: 16/840 - 17/843 | lillian.s.brakstad@meland.kommune.no | |

## Godkjenning - igangsettingsløyve for resterande arbeid - rekkehus BK 01, Elvaåsen, gbnr 23/567.

**Administrativt vedtak. Saknr: 12/2017**

**Tiltakshavar**: Boligbygg Vest AS
**Ansvarlegs økjar:** Tysseland Arkitektur AS
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan - og bygningslova (pbl.) § 20 - 1 , jf. § 21 - 2, 5. ledd

**Saksutgreiing:**
Tiltak:
Tysseland Arkitektur AS, har på vegne av tiltakshavar, Boligbygg Vest AS, søkt om igangsettingsløyve (I G) for resterande arbeid ved oppføring av rekkehus med tre bueiningar på planområde BK 01 i Elvaåsen, gbnr 23/567.
Rammeløyve er gitt administrativt i vedtak 169/2016,dagsett 08.06.2016. IG for grunnarbeid og løyve til tilkopling til kommunalt VA - anlegg vart gitt i vedtak 228/2016, dagsett 05.07.2016.

**Vurdering:**
Nabovarsling:
Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve, jf. pbl § 21-3. Søknad om Igangsettingsløyve inneheld ikkje endringar som gjer det naudsynt med ytterlegare varsling.

Lov - og plangrunnlag
Tiltaket er i samsvar med plangrunnlaget. Det blir vist til rammeløyvet for nærare opplysningar om dette.

**Vedtak**

«Meland kommune gir i medhald av pbl §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve for resterande arbeid ved oppføring av rekkehus med tre bueiningar på planområde BK01 i Elvaåsen, gbnr 23/567, i samsvar med søknad med vedlegg journalført 05.01.2017.
Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så framt det ikkje er

gitt unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendt gjennomføringsplan motteke 5.1.2017 og innsendte erklæringar, jf. pbl § 23-3.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova.

Igangsettingsløyve fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre enn to år, jf. pbl § 21-9.»

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast

Med helsing

| | |
|---|---|
| Anny Bastesen<br>sektorsjef teknisk | Lillian Straumøy Brakstad<br>konsulent |

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
BK 01

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Boligbygg Vest AS | Fagerdalen 4 | 5039 | BERGEN |

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Tysseland Arkitektur As | Valkendorfsgaten 9 | 5012 | BERGEN |